

## 22. Styringsgruppemøte

Utviklingsprosjekt NAV region  
Nordhordland

Status

24.06.22 // Aina Merete Steinsland og Ane Bysheim





<b>Referat Styringsgruppemøte Utviklingsprosjekt NAV region Nordhordland</b>		Møtedato:	Referent:
		24. juni 2022	Aina Merete Steinsland
<b>Til stades:</b> Anne Kverneland Bogsnes, Greta Lauritsen, Sissel Kvingedal, Ingvild Kirsti Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen, Martin Kulild, Vigleik Kaland (i Jane Britt sitt fråvær), Ane Bysheim og Aina M. Steinsland.			
<b>Forfall:</b> Jane Britt Daae, Bjarte Hysing-Olsen, Erik Askeland, Lena Ytreland og Magne Ottar Espelid			
Sak nr.:	Tema	Konklusjon	
23/22	Velkommen ved Ingvild Kirsti Hjelmtveit	Ingvild er ordstyrar og ønsker velkommen. Ingvild gjev ordet til Aina som innleier dagens saksliste.	
24/22	Status og plan framover - utviklingsprosjektet	Aina går gjennom status om kva som har skjedd sidan sist, samt plan framover. Sjå underlag for detaljar.	
25/22	Finansiering av pilot framover mot 2024 – førebuing til styringsgruppemøte 31.august	<p>Aina orienterer kjapt gjennom førebuing til neste styringsgruppemøte. Viktig at styringsgrupperepresentantane sjekkar ut heimeleksa med dei kommunane ein representerer slik at vi kan lande eit vedtak for kva vi gjer vidare når vi treffast 31.august.</p> <p><b>Heimelekse:</b> Sjekk opp i kva din kommune kan bidra med for å sikre finansiering av pilot og bygge den regionale plattformen som er ynskjeleg og tenk gjennom fylgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Korleis utvide jobbmot og ungdomslos vidare i regionen?</li> <li>2. Korleis få oversikt over alle initiativ knytt til ungdom i alle kommunane i regionen, og korleis sikre at dette er koordinert i regionen og inn mot jobbmot? Finst det nokon overordna forum i regionen kor slik informasjon deles slik at ein kan lære av kvarandre?</li> </ol> <p>Sjå underlag for meir detaljar.</p>	



26/22	Status og orientering pilot – kva har skjedd sidan sist, samt plan framover	<p>Ane går gjennom status om kva som har skjedd sidan sist, samt plan framover. Sjå underlag for detaljar .</p> <p>Kommentar til gjennomgang: Flott at en når ut til så mange ungdommer på så kort tid.</p> <p>Generell tilbakemelding i møtet: Styringsgruppa takker for det gode og grundige arbeidet som både utviklingsprosjektet og jobbmot gjer og ein takkar for ein god gjennomgang frå både Ane og Aina.</p>
27/22	Eventuelt	
	Status på kontorplass for jobbmot	Vi jobbar for å få plass på dampen, men nå står dialogen på Fylkeskommunen som har ein del plassar i dag der nokon kan bli ledig. Jane Britt har bedt om Magne Ottar om å følgje opp prosessen internt i Fylke for å støtte oss med å få ein rask avklaring.
	Neste møte	Styringsgruppemøte 31.august kl 12-1445 i Solund.
	Godkjenning av referat	Referat godkjent.

# Saksliste

- Velkommen v/Ingvild
- Del 1 Utviklingsprosjektet
  - Kort status og orientering – kva har skjedd sidan sist
  - Status på arbeidsmarknaden i region Nordhordland mai 2022
  - Førebuing til styringsgruppemøte 31.08.2022
- Del 2 Pilot
  - Status og orientering – kva har skjedd sidan sist
  - Plan framover
  - Avklaringar (om det er nokon)
- Eventuelt/oppfølging



# Prosjektmål

## Hovudmål

Sikre at arbeidsmarknaden tek i bruk den unge arbeidskrafta vi har i regionen.

## Resultatmål/delmål

- Samhandle med næringsliv og utdanningsinstitusjonar slik at ein matchar regionens behov.
- Utvikle treffsikre tiltak og metode for oppfølging av ungdom som er basert på individuelle behov og med høg grad av brukarmedverknad.
- Å bruke tilgjengelege ressursar til å jobbe koordinert, saumlaus og kunnskapsbasert med oppfølging av ungdom.

## Effektmål

Få fleire sjølvberga unge i arbeid og utdanning.

## Målgruppe:

Ungdom under 25 år som mottar oppfølging frå NAV og som har behov for oppfølging utover direkte formidling til kvalifisering, utdanning eller arbeid.

## Omfang:

- Statlege og kommunale tenester
- Kompetanseutvikling av medarbeidarane
- Organisering av arbeidet i NAV kontora i regionen

# Status utviklingsprosjektet

- Driver ulike prosessar i ungdomsnettverket
  - Stø opp om overleverte gevinstar for lik oppfølginga av ungdom på tvers i regionen
- Støtter prosjektleiar pilot med oppgåver og aktivitetar, blant anna: Intensjonsavtalar, kommunikasjons og arbeidsflyt, samtykke, Workshops, prosessar, mm
- Tilskotsmidlar
  - Avslag på bufdir søknad 16.mai, men vi har sendt inn klage
  - Avslag på søknad om innovasjonsmidlar frå NAV Vestland
  - Finansiering er ein utfordring, som og vart løfta på styringsgruppemøte 13.mai
- Nyhendebrev til interessentar og sak på navet sendes i dag 24.juni
- Presentasjonar og møte i tillegg til faste
  - Kommunestyremøte Gulen og Austrheim 16.juni
- Støtter og opp om andre utviklingsprosessar i NAV region Nordhordland



# Plan framover (til neste møte 31.august)

- Sjekke ut fortløpande om det er andre tilskotsmidlar vi kan søke på - ta opp finansiering som eige tema på neste styringsgruppemøte 31.august
- Støtte til prosjektleiar pilot på det ho treng knytt til jobbmot
- Jobbe vidare med ulike prosessar i ungdomsnettverket for å stø opp overleverte identifiserte gevinstar
- Legge ein plan for haustens aktivitetar



# Status på arbeidsmarknaden i region Nordhordland mai 2022

- **Bedriftsundersøkinga 2022**
  - Stor mangel på kvalifisert arbeidskraft både i privat og offentlig sektor
  - Sterk auke i bedrifter som ønskjer å tilsette nye medarbeidarar
  - Auke i bedrifter som har vanskar med å finne rett kompetanse
  - Størst utfordring innanfor Helsesektoren
- **Arbeidsløyse tala for mai 2022**
  - Talet på ledige fell i alle kommunane våre
  - Talet på heilt ledige i regionen er 282 personar - 1,2 prosent
- **Måla i utviklingsprosjektet treff og kjernen av desse utfordringane, blant anna**
  - Samhandle med næringsliv og utdanningsinstitusjonar slik at ein matchar regionens behov.
  - Få fleire sjølvberga unge i arbeid og utdanning

## No er arbeidsløysa lågare enn på 13 år




FIÆRRE Å FÅ I ARBEID: Arbeidsløysa er lågare enn på 13 år, og har nær halvert seg det siste året. Samstundes er det mange ledige jobbar. Foto: Synne Grimen Hammervoll

Kommune	Ledige stillingar	Heilt ledige
Alver	232	174
Austrheim	10	19
Fedje	1	-
Gulen	31	23
Masfjorden	11	8
Modalen	0	-
Osterøy	98	53
Solund	8	5




# Tall for ungdom registrert hos NAV, pr. 17.06.2022

Type	Region	Alver	Fensfjorden	Osterøy	Solund
AAP under 30 år	241	185	29	24	3
Arbeidssøkere under 30 år	163	90	26	40	7
Helt ledige	81	48	11	19	3
<b>Totalt registrerte u/30</b>	<b>528</b>	<b>382</b>	<b>62</b>	<b>74</b>	<b>10</b>



# Yrka med størst mangel på arbeidskraft i Vestland



# Finansiering av pilot framover mot 2024 – førebuing til styringsgruppemøte 31.august

Kva skal til for at pilot prosjektet  
ikkje strandar til tross for  
manglande tilskotsmidlar?

Kva skal til for å få den regionale  
plattforma som er ynskjeleg?





Spørsmål til det eg har gått gjennom?



jobb**m**ot  
Kompetansesenter ungdom og arbeid

## Status pr. 24.06.22

I kontakt med 20 ungdommar. Pr. i da er 14 aktive 4 på vent og 2 som berre skulle ha informasjon.

Milepæls mål var 5.


Alle er komme til oss gjennom samarbeidspartar: Salto (1), flyktningetenesten (2), NAV sosial (4), barnevern (3), OT (3) og NAV (5).

Dei aller fleste har manglande nettverk og mange har bakgrunn frå utlandet (både arbeidsinnvandrar og flyktingar)

6 har fått sommarjobb (5 med tilskudd og 1 utan), og 3 er i prosess med ein arbeidsgivar. 3 av dei har hatt jobbsmak for å vise seg for arbeidsgivar.

Fokus no er å jobbe med dei ungdommane vi har fått inn og samarbeidspartar på ein god mate. Skape gode døme og lære.

# Tidsplan for kompetansesenteret 2022 (grovskisse)





Jobbmot er et nytt tilbud til ungdom frå 10.-klasse til 25 år som bur i Alver, Osterøy, Austrheim, Modalen, Fedje, Gulen, Masfjorden eller Solund kommune.

Ring oss direkte på 94 13 62 06 eller send oss ein sms på 59 44 96 19, så avtalar vi å møtast slik at du kan forklare kva du vil ha hjelp til. Vi har heisplikt og tilbodet er frivillig, gratis og tilpassa deg og din situasjon.

Sjå ein kort videomøte av oss her:



jobbmot

Kompetansesenter ungdom og arbeid

Tlf: 94 13 62 06  
SMS: 59 44 96 19



Jobbmot er et nytt tilbud til ungdom frå 10.-klasse til 25 år som bur i Alver, Osterøy, Austrheim, Modalen, Fedje, Gulen, Masfjorden eller Solund kommune.

Er du skulelei eller vil i arbeid?

Vi kan hjelpe deg å finne det som er rett for deg. Målet kan vera skule, jobb eller anna aktivitet. Saman lagar vi ein konkret plan for å nå dine mål. Ønskjer du hjelp frå andre tenester kan vi hjelpe deg.

- Vi tilbyr blant anna dette:
- karriererettleiing
  - hjelp til CV/søknad
  - kontakt med bedrifter

Ring oss direkte på 94 13 62 06 eller send oss ein sms på 59 44 96 19, så avtalar vi å møtast slik at du kan forklare kva du vil ha hjelp til. Vi har heisplikt og tilbodet er frivillig, gratis og tilpassa deg og din situasjon.



## JOBBMOT

kompetansesenter ungdom og arbeid

Jobbmot har stor kunnskap og nettverk med arbeidsgivarar i Nordhordland, og god kontakt med alle tenester retta mot ungdom.

Kva kan vi hjelpe deg med?


- Karriererettleiing
- hjelp til CV/søknad
- direkte kontakt med bedrifter

**Er du skulelei eller vil i aktivitet?**


Vi kan hjelpe deg å finne det som er rett for deg. Saman lagar vi ein konkret plan dine mål. Målet kan vera skule, jobb eller anna aktivitet. Ønskjer du hjelp frå andre tenester kan vi hjelpe deg.

Ring oss direkte på 94 13 62 06 eller send oss ein sms på 59 44 96 19 (ikkje send personsensitiv informasjon), så avtalar vi å møtast slik at du kan forklare kva du vil ha hjelp til og vi kan sei litt om korleis vi jobbar. Vi har teieplikt og tilbodet er frivillig, gratis og tilpassa deg.

Tilbod for ungdom frå 10.-klasse til 25 år som bur i Alver, Osterøy, Austrheim, Modalen, Fedje, Gulen, Masfjorden eller Solund kommune. |



Vi skal bygge framtidstru og støtte ungdom i å finne sin eigen veg





## Kva vil vi jobbe vidare med hausten 2022?

Ut over hausten vert det meir arbeid for å lage gode samarbeidsplassar og prosjekt med samarbeidspartar, jobbe tettare opp mot til dømes arbeidslivsfag på ungdomskule, rådgivarar og ungdomskoordinatorar med fleir.

- Tettare og meir strukturert samarbeid med samarbeidspartar
- Tett samarbeid med OT/NAV
- Utforske moglegheiter for samarbeid med VFK rundt «Opplæring i bedrift». Ta kontakt med bedrifter som ikkje har fått læringar og snakke om full opplæring i bedrift
- Sjekke behovet for å jobbe med deltidsarbeid for ungdom – kanskje spesielt knytt til barnevern/salto/politi?
- Informasjonsarbeid
- Utvikle samarbeid med andre aktørar rundt ungdom; ungdomsklubbar, frivillige organisasjonar m.fl.
- Etablere ei ungdomsgruppe for referanse og utviklingstøtte
- Følgje opp politiske saker om sommarjobbar for ungdom i kommunane
- Lære meir om kva det er ungdom treng

*Evaluering, justering, planlegging, testing – Evaluering, justering, planlegging, testing -  
Evaluering, justering, planlegging, testing*



Nokon spørsmål/innspel til det eg har gått gjennom



# Eventuelt/oppfølging

- Status på kontorplass for jobbmot
- Neste styringsgruppemøte onsdag 31.august kl. 1200, Solund
  - Tema: Finansiering, status og eventuelle avklaringar
  - Stad: Solund



# Reiserute

## Tur til Solund

Ein kan velje om å køyre rundt til Rutledal eller ta Leirvåg/Sløvåg ferja (NAV Alver – Krakhella: 1 time og 30 min) – dvs. avreise ca 0915 for å nå 1050 ferja

- Leirvåg – Sløvåg: 0915-0935  
Køyretid Sløvåg – Rutledal, ca 40 min

- Rutledal – Krakhella: 1050-1125

Køyretid Krakhella – Solund kommune, ca 30 min

## Frå Solund (vi avsluttar seinast 1445 slik at vi nå 1520 ferja)

Køyretid Solund kommune til Krakhella kai, ca 30 min

- Krakhella – Rutledal: 1520 - 1600


- Køyretid Rutledal – Sløvåg, ca 40 min

- Sløvåg – Leirvåg: 1645 - 1705





*Godkjenne referat*



Riktig god sommar!